



VANYLVEN KOMMUNE

# Beredskapsoversyn

A jour 29.08.2018

## Innhold

1. Formål.....	3
2. Målsetting.....	3
3. Lovheimel .....	3
4. Dokumentoversikt .....	3
5. Ansvar.....	5
6. Øvingar og evaluering.....	5
7. Ajourhald/revisjon av beredskapsplanverk.....	6

## 1. Formål

Beredskapsoversynet skal fungere som ei operativ overbygning, oversikt og ramme for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Oversynet skal vere bindeledd mellom strategiske planar og ROS-analysar, beredskapsplanverk og aktivitet.

## 2. Målsetting

Vanylven kommune skal vere ein trygg kommune å bu i. Kommunen skal førebygge kriser og uønskja hendingar gjennom beredskapsmessige omsyn ved kommunal planlegging, utbygging og drift. Når uønskja hendingar likevel skjer, skal kommunen vere i stand til å takle dei på ein god måte.

## 3. Lovheimel

Sivilbeskyttelseslova (LOV-2010-06-25-45)

Forskrift om kommunal beredskapsplikt (FOR-2011-08-22-894)

Plan- og bygningslova (LOV-2008-06-27-71)

## 4. Dokumentoversikt

	Beredskapsdokument	Sakshandsamar
1.	Beredskapsoversyn	Beredskapsleiar
2.	H-ROS analyse	Beredskapsleiar
3.	Overordna beredskapsplan	Beredskapsleiar
4.	Plan for kriseleing	Beredskapsleiar
5.	Beredskapsplan mot akutt forureining	Brannsjef
6.	Støtte- og omsorgsgruppe ved kriser/ulykker <sup>m</sup> /kontaktliste	Kommunalsjef Helse og omsorg
7.	Smittevernplan	Kommuneoverlege
8.	Samarbeidsavtale med Vanylven Røde Kors	Beredskapsleiar
9.	Evaluering etter hendingar og øvingar	Beredskapsleiar
10.	ROS analyse Vanylven Brann og Redning	Brannsjef
	Andre relevante dokument innan beredskap	Sakshandsamar
11.	Planstrategi	Kommunalsjef Teknisk Sektor
12.	Kommuneplan- Samfunnsdel	Kommunalsjef Teknisk Sektor
13.	Kommuneplan- Arealdel	Kommunalsjef Teknisk Sektor
14.	Lokal beredskapsplan NAV	Einingsleiar
15.	Handlingsplan mot vald i nære relasjonar	Kommunalsjef Helse og omsorg
16.	Katastrofeplan Helsesektor	Kommunalsjef Helse og omsorg
17.	Rutinar ved ulykker og kriser i barnehagar	Kommunalsjef Kultur og oppvekst
18.	Beredskapsplan for barnehagar	Kommunalsjef Kultur og oppvekst
19.	HMS plan med rutinar ved ulykker og kriser i skolen	Kommunalsjef Kultur og oppvekst

Ei kort utgreiing om kva som ligg i dei ulike beredskapsdokumenta (1-10) fyljar under:

**H-ROS analyse** skal kartlegge og avdekke risiko og sårbarheit i kommunen og skal ligge til grunn for utarbeiding av en overordna beredskapsplan. Kommunen skal forberede beredskap for dei uønskja hendingane som er kartlagd i analysen.

**Overordna beredskapsplan** byggjer på H-ROS analysen og skal sikre at tverrsektoriell handtering av uønskja hendingar er samordna. Den overordna beredskapsplanen skal vidare vere samordna med andre relevante krise- og beredskapsplanar.

**Plan for kriseleiing** kjem som eit supplement til den overordna beredskapsplanen. Planen er retta mot kriseleiinga, og skal vere eit utfyllande oppslagsverk for å handtere dei uønskja hendingane som framkjem i H-ROS analysen.

**Beredskapsplan mot akutt forureining** er ein tilleggsplan til den overordna beredskapsplanen. Denne er utarbeidd av brannvesenet for grundigare å adressere temaet. Planen skal fungere som eit tillegg til den overordna planen ved slike hendingar.

**Støtte- og omsorgsgruppe ved kriser/ulykker <sup>m</sup>/kontaktliste** er nært knytt opp til den overordna beredskapsplanen og plan for kriseleiing. Gruppa skal vere ei støtte for pårørande underveis og i ettertid av ei krise/ulykke.

**Smittevernplan** er utarbeidd av kommuneoverlege og skal omfatte de tiltak og tenester kommunen har for å førebygge smittsame sjukdommar og motverke vidare spreing til andre. Planen er eit naudsynt instrument for å samordne ulike tiltak og ressursar.

**Samarbeidsavtale med Vanylven Røde Kors** skal betre syte for at kommunen og hjelpekorpsset er førebudd og evner godt samarbeid i ein krisesituasjon. Avtalen er viktig for å effektivt kunne samle mannskap og ressursar når det krevjast.

**Evaluering etter hendingar og øvingar** er viktig for å lære, vidareutvikle og forbetre beredskapen i kommunen. Evalueringar skal inngå i den årlege revidering av beredskapsplanane.

**ROS analyse Vanylven Brann og Redning** kjem som eit supplement til H-ROS analysen. Denne er utarbeidd av brannvesenet for å grundigare analysere deira arbeidsoppgåve og kapasitet ved kriser/ulykker.

## 5. Ansvar

**Kommunestyret** vedtek overordna mål og retningsliner for alt kommunalt arbeid som har med samfunnssikkerheit, krise og beredskap å gjere.

**Kriseleiinga** i Vanylven kommune er kommunen sitt operative styringsorgan for å handtere samfunnsmessige alvorlege og utforutsette hendingar som større ulykker, skred, sterk vind, flaum m.m.

**Ordførar** har det overordna ansvaret og er leiar i kriseleiinga. Han er også kommunen sitt ansikt utad i ein krisesituasjon. Ordførar har ansvaret for den eksterne kriseinformasjon.

**Rådmannen** skal følgje opp dei overordna måla for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap på tenestenivå og er mellom anna ansvarleg for å koordinere aktivitetane i kommuneorganisasjonen. Rådmannen leier det operative arbeidet med tanke på intern organisasjon.

**Beredskapsleiar** er ein fagansvarleg som på vegne av rådmannen og ordførar følgjer opp og koordinera arbeidet med hovudberedskapsplan og det tverrfaglege perspektiv i arbeidet med samfunnssikkerheit, krise og beredskap i Vanylven kommune.

**Beredskapsrådet** er eit samordningsorgan som i tillegg til medlemar i kriseleiinga, har medlemar frå frivillige organisasjonar, lokale statlege organ og forsvar/sivilforsvar. Beredskapsrådet skal vere eit forum for samarbeid og gjensidig informasjon om dei einskilde gruppene sin beredskapsmessige status.

## 6. Øvingar og evaluering

Øvingar og evaluering etter ei øving/hending står sentralt i beredskapsarbeidet. Erfaringar frå handtering av desse er viktig kunnskap å ta med vidare i planarbeidet.

Kommunens beredskapsplan skal øvast kvart andre år. Scenarioene for øvingane bør hentast frå dei analyserte hendingane i H-ROS.

Kommunen skal syte for at dei som sitt i kriseleiinga har tilstrekkeleg kunnskap for å ivareta rolla og ansvaret på ein god måte.

Kommunen skal etter øvingar og hendingar evaluere krisehandteringa. Evalueringsrapport og erfaringar skal takast med i det vidare beredskapsarbeidet.

## 7. Ajourhald/revisjon av beredskapsplanverk

**Beredskapsoversyn** skal til ein kvar tid vere oppdatert, og som eit minimum reviderast ein gong pr. år.

**H-ROS analysen** skal oppdaterast i takt med revisjon av kommunedelplaner. Neste revisjon av desse er i 2020 og H-ROS analysen bør da integrerast i desse som ein handlingsplan.

**Overordna beredskapsplan** skal til ein kvar tid vere oppdatert, og som eit minimum reviderast ein gong pr. år.

**Plan for kriseleiing** skal til ein kvar tid vere oppdatert, og som eit minimum reviderast ein gong pr. år.

**Andre beredskapsdokument** reviderast minimum ein gong pr. år.

Ansvarleg for revisjon av beredskapsverket framkjem av tabell under sakshandsamar.